



Turid og Gunnar trivst i Uskedalen, og det er det fleire osingar som gjer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innrykket av påskeferiegjestar som har kome sjøvegen til Uskedalen i år har vore heller beskjedent og det er forståeleg: Dette er den tidlegaste påska sidan 1913.

- Folk har ikkje fått starta båtpussen enno, påpeika ein båtlagentusiast då uskedalen.no sjekka dei to hamnane langfredag. Truleg var det då berre fem båtar med mannskap der som kunne reknast som påskegjestebåtar.

Til gjengjeld var to av båtane frå Os. Osingane sviktar i hvert fall ikkje Uskedalen. Den eine båten tilhørde Tore Nordahl Pedersen, som er for Uskedalveteran å rekna og som har ein seglbåt det står respekt av. Den er ofte på langferd.

Dei andre var Turid og Gunnar Lyssand, som er på veg til å bli Uskedalsveteraner ettersom dei har vore på besøk hos oss i seks år. Dei er her kvar sommar og dette er påskebesøk nummer to her med den staselege båten som heiter Topi. Det tyder Turid på gresk!

Påskeopphaldet til dei to osingane varar frå onsdag til sundag og paret trivst tydelegvis godt i Uskedalen sjølv om det ikkje er altfor mykje å ta seg til her i ei påskehelg. Dei er ikkje fjellentusiastar og er godt nøgde med å kunne rusla rundt i "sentrum". Men dei seier ikkje nei hvis det er eit musikalsk tilbod mens dei er her.

- Det er så mange som snakkar om at Rosendal er eit naturleg mål for båtfolk, men der har dei ikkje eingong ei skikkeleg båthamn. Då er det betre å dra til Uskedalen. Og her er ikkje innrykket større enn at vi får vera i fred, seier osingane.

Av Ola Matti Mathisen